

**SKAL INN ATT
PÅ
FYLKESTINGET!**



**ARBEIDSPRINSIPP OG PROGRAM FOR:
RAUD VALALLIANSE I SOGN OG FJORDANE
FYLKESTINGET 1991**

BRYT MED KAPITALISMEN ! FRAM FOR ØKO-SOSIALISMEN !

RV er etterkvarvort det einaste partiet som held fast på at eit grunnleggande nytt samfunn er det som må til for å løyse dei verkelege politiske problema:

- miljø-/naturmordet og den økologiske krisa
- det aukande omfanget av svoltkatastrofar
- raseringa av velferdsstaten
- den statsoppnemnde arbeidsløysa

RV meiner at det er utilstrekkeleg å flikke på eit system der det er kapitalist-klassen og topp-byråkratar i fylke og stat som sit med den eigentlege makta. Det er heller ikkje tilstrekkeleg med eit sosialistisk samfunn for å dekke folk sine materielle og åndelege behov. Behova må dekkast innanfor naturen sine tålegrenser og kampen for å fjerne klasseskilje må ikkje skape nye.

Dette grunnsynet vil framleis prege den praktiske politikken vår både i fylkestinget og utanfor; i bygdene og i kommunane, på arbeidsplassane, i organisasjonane osv. Me vil tenkje langsiktig på alvor; ikkje avgrense oss til valperiodar, innsnevra budsjetttrammer o.l., men aktivt motarbeide truskapen til systemet. På desse områda skil me oss radikalt frå alle andre parti på fylkestinget, medrekna SV.

RV-REPRESENTANTAR ER ANNLEIS !

I siste valperiode har RV forutan fylkestingsrepresentant også hatt representantar i kommunestyra i Førde, Høyanger, Stryn og Vågsøy. I 1991 stiller RV til val også i Balestrand, Florø, Gloppen, Naustdal og Sogndal.

RV sin fylkestingsrepresentant har utmerka seg ved å:

- ta opp saker der andre held munn; (politikarane sine gratisreiser og pampegodtgjerdslene, toppbyråkratane sine diktatoriske handlingar osv.)
- konsekvent forsvare arbeidsfolk (slakteriarbeidarane i Sogndal mot nedlegging av Vestlandske Salslag, Fylkesbåtane-tilsette mot oppseiingar)
- ynskje utanopparlamentarisk kamp (oppmoda til aksjonar i Florø og støtta ulydnaden på Eid i sjukehussaka)
- vere talerøyr for og samarbeide med interessegrupper utanfor fylkestinget (naturvernrørsla, FSF-tilsette sine organisasjonar o.l.)

- ta opp saker som andre parti ser som uvedkomande (GATT, importvern av norsk frukt)
- krevje miljøvernomsyn som grunnleggande premis i sakene; t.d. i Næringsplanen
- teke fylkeskommunalt tilsette sitt parti; bedriftshelseteneste, for retten til opposisjon, styringsstruktur ved skulane
- stille krav mot staten og monopolkapitalen, og innfri krav frå grasrot og grunnplan
- motarbeide kòsnikande og miljø-øyleggande bomvegprosjekt

RØYST PÅ RAUD VALALLIANSE I ÅR !

Me har i grunnen tru på at du er einig i mykje, eller kanskje til og med det meste RV gjer i fylkestinget. Ynskjer du at denne politikken framleis skal vere representert på fylkestinget i Sogn og Fjordane; bruk vallista vår, røyst RV !

Også mange fleire enn dei som er samde med RV i eitt og alt, ynskjer at RV framleis skal vere representert på tinget. Dei gjer det fordi dei ser RV som ei nyttig motvekt som stiller kritiske spørsmål og skapar debatt.

Men for at RV skal vere representert må me ha nok røyster. Det betyr også DI røyst! Ved valet i 1987 var det såvidt me kom inn. Det avgjerande den gongen var at toppkandidaten vår kom frå Vågsøy og fekk mange "ekstrarøyster" der.

I år trengst fleire røyster og toppkandidaten vår, Magnar Falkenstein, er frå ein mindre kommune; Naustdal. Det betyr at me treng kvar einaste røyst me kan få. Det betyr også DI ! Bruk røysta di til å få inn i fylkestinget folk som ikkje godtek alt og som driv med straumen. Røyst inn folk som både vil og kan føre fram dine ynskje, tankar og krav i fylkespolitikken. Gjer ditt til at RV vert representert også i komande fylkesting. RØYST RV!

DETTE PROGRAMMET ER EIN VIKTIG DEL AV POLITIKKEN

I denne faldaren legg vi berre fram det som er RV i Sogn og Fjordane sine spesielle standpunkt på nokre viktige område i høve fylkestingsvalet i 1991. Dette er saker som det vil stå strid om i det komande fylkestinget eller som RV ynskjer å skape debatt om. Meir omfattande standpunkt finst i RV sitt landsprogram.

JA TIL DISTRIKTA OG NEI TIL EF

RV meiner at spreidd busetnad gir både betre trivsel, rikare kulturliv, betre ressursutnytting, mindre ureining, betre forsvarsevne og beredskap. Trass i utkantproblema, har Sogn og Fjordane umistelege verdiar å ta vare på. Men ein ny og kraftig sentraliseringsvind bles over Utkant-Noreg.

Alstadheimutvalet si innstilling om den nye landbrukspolitikken vil legge ned stadig fleire gardsbruk. Dette er fullstendig meiningslaust i ei verd med svolt og i eit land med aukande arbeidsløyse.

RV krev ei meir økologisk utnytting av fiskeressursane. Me er imot rovfiske og vil ha auka kontroll med fabrikkskip og fiskeindustri. Fiskeriforskninga må verte betre, og fiskarane sine røynsler må telje meir.

Ei EF-kåt AP-regjering har teke mål av seg til å få Noreg inn i EF. Hylekoret vil ingen ende ta etter at EØS-trikset ser ut til å verte mislukka. Vi i RV er ikkje redde for at EØS vert uaktuelt. Alle med opne auge må sjå at i regjeringa sitt spel er EØS berre ein stasjon på vegen til fullt medlemskap. Det er ikkje hjelp i å gråte krokodilletårer over ein for dårleg fiskeriaftale, når det store tapet alt hadde skjedd; regjeringa hadde nemleg auksjonert bort den nasjonale sjølvråderetten i EØS-tingingane. Landet skulle leggest ope for storkapitalen sine "fire fridomar, fri flyt" av varer, tenester, kapital og arbeidskraft.

Det breie lag av folket i Noreg i by og bygd er ikkje tent med at Noreg skal underleggast den europeiske stor-kapitalen. Vi vil ikkje vere med i ei europeisk stormakt der kapitalen organiserer seg for å verte betre i å undertrykke andre. Den tredje verda treng ikkje fleire utpinarar! Skal jorda reddast for framtidige generasjonar, så må ikkje storkapitalen få endå friare spelerom!

Kvinnene sin situasjon i utkantane er viktig. Vi kan ikkje godta at mannlege planleggarar planlegg for at mannleg arbeidskraft skal pendle til regionsentra. Kvinner som ofte har tungt omsorgsansvar kan ikkje pendle timevis kvar dag. RV vil ha kvinneperspektivet i sentrum for all offentleg planlegging i fylket. Utan kvinnene stoppar bygdene!

Viktige saker vert såleis:

- Fullverdig og desentralisert barnehagetilbod, og utbygging av fritidsheimar i alle kommunar
- kraftig utbygd omsorgstilbod til dei eldre i nærmiljøet
- full yrkesstatus for kvinner i jordbruket
- ingen fortrinnsrett for nyetableringar i regionsentra. Utkantkommunane i fylket må få mest offentlege støttemidlar.

- overføringane til jordbruket må aukast med tanke på ein meir økologisk produksjon, og spesielt rettast inn på å redde jordbruket i utkantane.
- vi stør framleis kravet om økonomisk jamstelling mellom bonde og industriarbeidar
- RV vil prioritere at alle bygder og grender i fylket blir knytta til omverda med vegutløyising og/eller gode rutesamband
- meir fiskeriforedling av råvarene i Noreg.
- for ein differensiert fiskeflåte i Sogn og Fjordane. Kystfiskeflåten må få auka lønsemda.
- nei til omsettelege fartyskvotar for fisk, då dette vil gjere dei store større og dei rike rikare.
- framfor alt seier vi NEI TIL EF og NEI TIL EØS. EF-saka høyrer i høgste grad også med i lokalvalet.

HELSE- OG SOSIALPOLITIKK

RV meiner at mange av dei grunnleggande årsakene til både sosiale og helsemessige problem ligg i samfunnsforholda. Dei sosiale problema og omfanget av psykosomatiske og andre miljøskapte sjukdomar er ein gradmålar på korleis det økonomiske og politiske systemet går utover helsa til folk.

Pasientskjebnane innanfor helsesektoren syner korleis kapitalkreftene sine behov for å sentralisere kapital går framfor enkelt-mennesket sitt behov for livsutfalding og eit trygt liv der ein bur.

Både nasjonal helseplan og Samla plan for helse- og sosialsektoren i fylket går inn for å styrke det førebyggjande helsearbeidet. Men så lenge helsevesenet ikkje får ressursar til å engasjere seg utover sin snevre fagsektor, vil denne omlegginga fungere til å privatisere folk sine helseproblem ("Di helse - ditt ansvar") og til å svekke den behandlande innsatsen utan at grunnleggjande førebyggjande tiltak vert gjennomførde i samfunnet.

Helsepolitisk er desse sakene mellom dei viktigaste idag:

- mot sentralisering og nedlegging av arbeidsplassar. Ja til EF er ja til ei dårlegare folkehelse.
- mot alle typar skadeleg arbeidsmiljø, miljøgifter, og arbeidsmiljø prega av for harde prestasjonskrav eller trakassering/mobbing

- mot menneskeleg isolasjon, einsemd og framandgjerjing. Planlegg buområda med tanke på ein naturleg nettverks-funksjon.
- mot splitting av generasjonane og buområde der det berre lever folk på same alder.
- mot vidare utbygging av store sjukeheimar med ghetto-preg. For forsøksprosjekt med små einingar og desentralisert eldreomsorg
- mot privat vald mot kvinner og barn. Betre kontroll med vold- og sexvideo-distribusjonen. Opn opp familien gjennom utbygging av fellestiltak i bustadområda. Støtte til krisesentra.
- for å styrke trafikksikringa. Fleire gang- og sykkelstiar framfor fleire vegar der farten vert høgare
- for ein restriktiv alkoholpolitikk og mot utbreiing av narkotika. Eigen rusverninstitusjon i fylket.
- for 6 timars normalarbeidsdag
- for eit desentralisert sjukehusmønster. Inga tukling med lokalsjukehusa

PÅ LAG MED NATUREN - STOPP MILJØMORDET

Livsgrunnlaget på jorda, Noreg og Sogn og Fjordane ikkje unnateke, vert øydelagt i aukande tempo. Dette skjer trass i at det er tverrpolitisk semje om at denne utviklinga må stogkast, og trass i at fakta omkring miljømordet har vore kjent i fleire år.

Skal vi makte å redde jorda trengst det ei djuptgripande og total endring av samfunnet. Politikarane pratar om miljøtiltak, men gjennomfører ein politikk som aukar miljøproblema eller som i alle høve ikkje strekk til for å løyse dei. Ureininga held fram, rike lagerressursar vert raskt tømde, det totale energiforbruket aukar, landbruksproduksjonen som er skadeleg for miljøet vert premiært, skogane vert sjuke og døyr, havområde vert tømde for fisk og innsjøane døyr ut. Det går mot ei økologisk katastrofe, og det kan sjå ut til at den er uråd å stogge.

RV meiner at dersom vi skal unngå katastrofa, så trengst det ei omfattande og grunnleggande omorganisering av produksjonen og ein radikal endring av livsstilen i dei rike landa. Produksjonen må vere basert på menneska sine behov, naturen si berevne og omsynet til framtidige generasjonar. Korkje produksjon for profitt eller auka vekst kan vere økologisk forsvarleg.

RV meiner at vi treng ein økologisk planøkonomi av ein ny type. Denne planmodellen må vere grunnplanstyrt. Det betyr mellom anna at kvinner må ha makt, og at kvinner sine erfaringar og livssituasjon må danne utgangspunkt for planane. Ein slik

kombinasjon av reelt lokalt demokrati og felles planar har aldri eksistert før, og den må utviklast.

Dette er berre nokre av RV sine visjonar om det framtidige sosialistiske samfunnet i Noreg, ein sosialisme av ny type som verda til no ikkje har sett maken til, men som det er heilt naudsynt å skape, om vi skal makte å ta vare på livsgrunnlaget på jorda. I dette arbeidet treng vi hjelp og inspirasjon til å vidareutvikle visjonane våre for å gi svar på nye spørsmål, problem og utfordringar.

ENERGI OG MILJØPOLITIKK

Stadig auka forbruk gir aukande behov for energi og det skaper miljøproblem. RV vil ha eit samfunn der jorda sine ressursar ikkje vert utpinte. Dette er umogleg i eit kapitalistisk verdssystem der markedskreftene er rådande. Såleis er storkapitalen si utbyting av den tredje verda ei stor miljøødelegging. Den påtvinga fattigdomen fører til skogøyding og utarming av jorda.

Energipolitikken i Sogn og Fjordane er prega av haldningar av typen: "Alt vatn som ikkje renn i røyr er verdilaust." Også frå statleg hald vert det no vedgått at me ikkje har kraftkrise i Noreg. Utbyggingskåte kraftpolitikarar brukar no omsynet til arbeidsplassar og eksportinntekter som argument. RV set omsynet til komande generasjonar framfor raske pengar. Me meiner at i vårt samfunn må me satse på energiøkonomisering og utvikling av alternative energikilder framfor gasskraftverk og meir vassdragsutbygging.

RV står fast på:

- støtte til og samarbeid med miljøvernørsla
- vern om Gaula
- berg Breheimen
- vern om Gjengedalsvassdraget
- at all vidare vasskraftutbygging er eit trugsmål mot Sogn og Fjordane sitt særpreg
- at ein fortvila kommuneøkonomi ikkje kan rettferdiggjere overgrepa mot natur som ettertida må betale
- at Noreg må gå i spissen for å få internasjonale avtalar om klimagass-utslepp og sur nedbør som trugar vassdrag og skog
- at atomvåpen og kjernekraft er umoralsk miljøødelegging

- at ureininga frå industrien må bort
- at ureininga frå jordbruket må bort ved at gjødselressursane vert brukt på rett måte. Dessutan må økologisk jordbruk utan bruk av kjemiske plantevernmiddel, kunstgjødsel og antibiotika stimulerast
- at vi må forske meir og innføre strengare restriksjonar på tilsetningsstoffa i matvarer
- at ingen må få dispensasjon frå påbodet om renseanlegg ved alle offentlege kloakkanlegg
- at avfall også er ein ressurs. Vi seier nei til store fyllplassar og ja til kjeldesortering, resirkulering og kompostering av avfall.

KULTURPOLITIKK

RV meiner at kulturen har ei avgjerdande rolle i å styrkje identiteten og sjølvkjensla til folk. Kunst og kultur er såleis ein livsnødvendig del av tilveret.

RV vil ha kulturell og kunstnarleg fridom, og vi stør den delen av den kulturpolitiske målsettimnga som seier at fylkeskommunen vil bygge på prinsippa om åndsfridom og toleranse. Auken av innvandrarar med anna kulturell bakgrunn set store krav nettopp til desse prinsippa. Men det er sjølvmotseiande når den same målsetjinga slår fast at det kristne verdisynet framleis skal vere rettesnor i kulturpolitikken !

- RV vil kjempe mot staten sin rasistiske innvandringspolitikk. Istaden vil vi ha ei opa dør for asylsøkarar og innvandrarar. I eit fylke som strevar med å halde folketalet oppe, burde alle nye innbyggjarar vere ekstra velkomne.

- RV går inn for oppretting av eigen flyktingesekretær hjå Fylkesmannen

- RV vil forsvare det humanistiske menneskesynet og det vitskaplege verdsbiletet. Vi er såleis imot kristen føremålsparagraf i skule og barnehage

- RV er imot undertrykkinga av kvinner og homofile/lesbiske

- RV vil ikkje tillate propaganda for fascisme, rasisme, pornografi eller sadisme

- RV vil opprette eit industriarbeidarmuseum i fylket

Fylket må kreve at dei statlege finansieringsordningane vert slik at kunstnarane har råd til å utøve yrket sitt

Sogn og Fjordane Teater må få dei løyvingane dei treng for å drive profesjonelt. Teateret må stimulerast gjennom sakleg kritikk til å våge å ta opp meir kontroversielle emne - også frå lokalmiljøet i fylket.

I massemedia skjer det idag ei utvikling i retning av "VG-journalistikk". Ein overflatisk, kjapp og sensasjonsprega stil tek over journalistikken si oppgåve som er å gå i djupna og gi folk kunnskap om årsakene til det som hender. Også i Sogn og Fjordane ser vi at denne forma spreier seg. RV vil gjennom debatt og kritikk kjempe imot denne forflatinga.

Profittomsynet raserer eldre byggemiljø i fylket. Tradisjonell vestlandsk byggeskikk forfell og vert erstatta av kulturlause betongklossar som er ueigna til å skape menneskeleg atmosfære. Fylkeskulturstyret legg vekt på å utvikle fylket sitt særpreg også bygningsmessig. Her må kommunane fylgje opp.

Kvinnene i fylket har ein rik kulturtradisjon og ei spennande historie. Det er viktig for unge jenter si identifisering med bygda og fylket å grave fram dette stoffet og gjere det lett tilgjengeleg. RV vil kreve fylkeskulturmidlar til kvinneforskning og utvikling av dei særigne kvinnekulturtradisjonane.

Som det einaste "reine" nynorsk-fylket har Sogn og Fjordane eit eige ansvar for å verne det nynorske skriftspråket. Den aukande dialektforvirringa som er ei fylgje av meir flytting og såleis større kulturell påverknad utanfrå, styrkjer RV sitt krav om eigen målkonsulent i fylket.

UNGDOM OG UTDANNING

Ungdomen representerer framtida, og er ein svært viktig ressurs i samfunnet. Likevel er ungdom mellom dei gruppene som først vert råka av sparekniven i det offentlege.

Alle ungdomar har krav på arbeid eller skuleplass. Arbeidsløyse er eit naudvendig vonde. RV krev lovfesta rett til 3-årig kompetansegivande vidaregåande utdanning for alle. Dette er også praktisk førebyggjande arbeid mot rusmisbruk og kriminalitet. RV tek sterk avstand frå hets om kravstor og tiltakslaus ungdom.

RV kjempar for ei styrking av kvaliteten på utdanninga. Dette betyr at skuleverket må få dei nødvendige ressursane, slik at skulane kan løyse oppgåvene til beste for elevar og lærarar.

RV går inn for:

- kraftig auke i overføringane til skulesektoren
- styrking av fagopplæringa i arbeidslivet
- utbygging og opprusting av yrkesskulane. Spesielt er det trong for fleire vidaregåande kurs (1 og 2)
- eit desentralisert skuletilbod
- inga realrente på studielån. Vidaregåande utdanning må fullstipendierast
- utviding av hybelkapasiteten i skulesentra i fylket

NASJONAL SJØLVRÅDERET - INTERNASJONAL SOLIDARITET

Det vert no drive eit intenst arbeid frå Arbeiderpartiet, Høgre, Framstegspartiet og storkapitalen for å tilpasse Noreg mest mogleg til EF. Erfaringane frå folkerøystinga i 1972 og den sterke folkelege motstanden no, gjer at dei borgarlege partia, med AP i spissen, ynskjer gradvis å tilpasse lover og reglar til EF slik at berre medlemsskapet står att.

Ei omfattande EØS-avtale (europeisk økonomisk samarbeid) er eit ledd i ei slik tilpassing. Heile EØS-prosessen byggjer på ei akseptering av "dei fire fridomane" og betyr ei kraftig svekking av norsk sjølvråderett i tillegg til direkte negative tilpassingar til EF på mange område. Eit av desse områda er miljøspørsmålet. I miljøspørsmål kan Noreg gå i spissen utanfor EF, istaden for å verte bunden av ein meir miljøskadeleg EF-politikk som medlem.

RV meiner at den økonomiske veksten i dag er eit trugsmål mot livsgrunnlaget og mangfaldet på jorda. Den indre marknaden i EF inneber ei styrking av nettopp denne vekstøkonomien.

RV krev at EØS-avtala vert lagt ut til folkerøysting. EØS-avtala betyr at Noreg gjev opp store deler av sjølvråderetten på det økonomiske området. Det norske folket sa NEI i 1972, og difor må folket høyrast igjen før ei slik avtale vert inngått. Stortinget har ikkje noko mandat til å vedta ei EØS-avtale over hovudet på det norske folket !

EIN SOSIALISME VERDA IKKJE HAR SETT

RV er eit sosialistisk alternativ. Vi meiner det er naudsynt å skape nye visjonar om sosialismen, og det er naudsynt å gi svar på mange uløyste spørsmål for at folk skal ha tru på at det er mogleg å skape eit betre samfunns-system enn det kapitalistiske. Utviklinga i dei landa som har kalt seg sosialistiske skremer.

Massakren på den Himmelske Fredsplass synte klårt at sosialismen i Kina har spelt falitt. RV har heilt sidan stiftinga i 1973 meint at det ikkje var sosialisme i Sovjet og Aust-Europa. RV har stått for ein heilt annan type sosialisme enn det systemet som har vore i desse statane. Vi har heile tida prøvd å utvikle ein modell for ein sosialisme som gjev svar på dei brennande spørsmåla for Noreg i dag.

RV meiner at berre med aktiv samfunnsdeltaking frå fleirtalet i folket, reell makt til grasrota og under full ytrings- og organisasjonsfridom kan sosialismen utvikle seg og bestå. Folk må i aukande grad ta direkte del i samfunnstyringa. Dei viktige demokratiske rettane som folket i Noreg har idag, slik som allmenn stemmerett og hemmelege val, må takast vare på. Men dei må utviklast og få eit meir reelt innhald.

RV er for ei fri og uavhengig fagrørsle, ikkje knytt til eit parti (AP) som i Noreg idag, eller til staten slik vi har sett i Aust-Europa. Det må vere frie val der folk kan velje mellom kandidatar som representerer ulike politiske alternativ. Stemmeretten må utvidast til å velje leiarar innanfor verksemdar og offentleg forvaltning. Det må vere radikal kjønnskvoteing som sikrar kvinnene minst 50 % av plassane i alle valde organ og i alle leiarposisjonar.

For at folk skal kunne delta aktivt i samfunnslivet og utøve makt, må vi ha 6 timars arbeidsdag. RV vil ha gratis dag- og fritidsheimar, arbeidsplassar der folk bur, eit utbygt støtteapparat for alle som treng ekstra hjelp og eit vel utbygt kollektivnett som gir folk tid og overskot til å engasjere seg meir i samfunnsspørsmål. Alt dette peikar mot RV sitt framtidssamfunn, eit sosialistisk samfunn verda til no ikkje har sett.

RAUD VALALLIANSE I SOGN OG FJORDANE SI LISTE VED FYLKESTINGSVALET I 1991

1. Magnar Falkenstein	bonde/lærer	Naustdal
2. Oddveig Lyngstad	postbetjent	Vassenden
3. Kjell Oldeide	industriarbeidar	Raudeberg
4. Einar Rysjedal	student	Høyanger
5. Gro Naustdal	ekspeditør	Naustdal
6. Oskar Tenden	bonde	Hjelledalen
7. Anne Bergset	meierist	Blaksæter
8. Tom Farsund	sekretær	Førde
9. Brynhild Løken	el-montør	Florø
10. Marianne Åm	høgskulelærer	Balestrand
11. Ragnhild Hukset	førskulelærer	Førde
12. Bjarte Grimelid	landarbeidar	Oppedal
13. Ottar Uglum	industriarbeidar	Høyanger
14. Borghild Guddal	industriarbeidar	Førde
15. Kjartan Hatløy	industriarbeidar	Sørbøvåg
16. Asbjørn Geithus	lektor	Sandane
17. Siv Kvernevik	kontorassistent	Florø
18. Fritjof Urdal	kulturarbeidar	Førde
19. Randi Aven	hjelpepleiar	Høyanger
20. Per Bjarne Ørjansen	sosionom	Førde
21. Kolbjørn Taklo	agronom	Florø
22. Bente Sølvsberg	bonde	Blaksæter
23. Olve Steinset	industriarbeidar	Kjelkenes
24. Marit Slettevold	sjukepleiar	Naustdal
25. Magnar Wøien	adjunkt	Høyanger
26. Kristin Blaalid	industriarbeidar	Raudeberg
27. Solveig Løken	arkitekt	Sogndal
28. Karsten Sunde	snikkar	Tansøy
29. Åge Eitungjerde	sjukepleiar	Balestrand
30. Bjørg Ladehaug	bonde	Oppstryn
31. Erik Halvorsen	fyrsteamanuensis	Sogndal
32. Kjersti Kjelkenes	barnehageassistent	Kjelkenes
33. Jorunn Russøy	bonde	Batalden
34. Magnar Juklestad	lærer	Skei
35. Eli-Grete Høyvik	likestillingskonsulent	Balestrand
36. Tone Hjelle	kartteiknar	Førde
37. Geir Oldeide	fiskar	Måløy
38. Kari Gravdal	førskulelærer	Vik
39. Gunnar Kjørvik	student	Sandane
40. Kirsti Solheim Stegane	adjunkt	Naustdal